



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 28.10.2015

Sak nr.: 15/8289-28

Internt l.nr.: 47418/15

Sak: 38/15

Tittel: Kjøpssak 2016

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle (HS) til å gjere slikt vedtak:

1. Ruteinnspela i vedlegg 1 vert vedtekne slik dei ligg føre.
2. Innsparingstiltaka i 2016 vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlegg 2.
3. Nye ruter for å ivareta lokalrutefunksjonen i samband med omlegging av Sognebussen vert vedtekne som dei ligg føre i vedlegg 3.
4. Rutejusteringar i 2014 og 2015 (jamfør vedlegg 4 og 5) vert tekne til vitande.
5. Båtruta til Sandøy vert lagt ned. Båtruta til Alden vert redusert til ein tur/retur pr. veke.
6. Takst
 - a. Takstane for buss og båt vert auka tilsvarande KPI pluss ein prosent ekstraordinær takstauke. Total takstauke vert 3%.
 - b. Ny minstetakst for vaksen på buss og båt vert kr 30.
 - c. Minstetakst for barn på buss og båt vert uendra med kr 15.
 - d. Prisen for ungdomskort vert auka til kr 390.
 - e. Takstane for fylkesvegferje skal følgje riksregulativet for ferjetakstar som tidlegare.
 - f. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 7:

7. Eventuelle ruteendringar/kjøp som følgje av nytt ruteløyve på Nordfjordekspresen kjem opp som eigen sak så rask som mogleg etter løyve handsaminga er ferdig frå Oslo kommune.

Høgre sette fram slikt framlegg:

I punkt 2: Vedlegg 2: Tiltak 22 – 25 blir kompensert med ei rute pr veke i samråd med Askvoll kommune

Avrøysting:

Det vart røysta punktvis.

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 med tilleggspunktet frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Punkta 3, 4, 5 og 6 vart samrøystes vedtekne

Nytt tilleggspunkt 7 frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle (HS) til å gjere slikt vedtak:

1. Ruteinnspele i vedlegg 1 vert vedtekne slik dei ligg føre.
2. Innsparingstiltaka i 2016 vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlegg 2.
Tiltak 22 – 25 blir kompensert med ei rute pr veke i samråd med Askvoll kommune
3. Nye ruter for å ivareta lokalrutefunksjonen i samband med omlegging av Sognebussen vert vedtekne som dei ligg føre i vedlegg 3.
4. Rutejusteringar i 2014 og 2015 (jamfør vedlegg 4 og 5) vert tekne til vitande.
5. Båtruta til Sandøy vert lagt ned. Båtruta til Alden vert redusert til ein tur/retur pr. veke.
6. Takst
 - a. Takstane for buss og båt vert auka tilsvarande KPI pluss ein prosent ekstraordinær takstauke. Total takstauke vert 3%.
 - b. Ny minstekast for vaksen på buss og båt vert kr 30.
 - c. Minstekast for barn på buss og båt vert uendra med kr 15.
 - d. Prisen for ungdomskort vert auka til kr 390.
 - e. Takstane for fylkesvegferje skal følgje riksregulativet for ferjetakstar som tidlegare.
 - f. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.
7. Eventuelle ruteendringar/kjøp som følgje av nytt ruteløyve på Nordfjordekspresen kjem opp som eigen sak så rask som mogleg etter løyve handsaminga er ferdig frå Oslo kommune